

VALDRES

UAVHENGIG LOKALAVIS, etablert 1903
Tysdagar, torsdagar, fredagar og laurdagar

Redaktør: Geir Beitrusten
Disponent: Tom Ø. Martinsen

«Folk og land» – ei ufarleg NS-avis

Blant fleire hundre norske publikasjonar er *Folk og land* ein av dei merkelegaste. «Valdres» får den vesle avisa gratis tilsendt ti gonger i året, og vi plar skimleså ho med undring – og ei viss interesse.

Folk og land hevdar å vera ei uavhengig avis, utgjeve av A/S Historisk forlag. Bladet har i røynda berre eitt føremål: Å rehabilitere dei nordmenn som under okkupasjonen 1940-45 var tyskervenlege, NS-medlemmer eller frontkjemparar.

Avisa til gamal-nazistane er slett ikkje ferdig med krigen. I kvart einaste nummer er det lange artiklar om rettsoppgjeret etter krigen, om lagnaden til frontkjemparane, om AT (arbeidstenesten), om Quisling, Hitler og Hamsun. Alle bokomtalar handlar om krigen og den historiske uretten NS-medlemmene var utsette for. Dei få annonsene i avisa dreier seg om nazi-effekter, krigslitteratur og etterlyste soldat-kameratar. Når gamle frontkjemparar går bort, blir dei som regel hugsa med patetiske minneord i «Folk og land».

Kvart nummer registrerer kven som gjev «venegåve» til avisa. Framleis bruker ihuga NS-veteranar å bidra med nokre hundrelappar kvart år for at «Folk og land» skal halde fram. Somme av dei gamle nazistane har Valdres-adresse. Det er ikkje så merkeleg ettersom Valdres var eit relativt sterkt NS-distrikt både før og under krigen.

Det utrullege er at «Folk og land» har overlevd i meir enn 40 år. Avisa starta før rettsoppgjeret var avslutta, og dei færreste trudde gamle-nazistane



var i stand til å halde elden levande så lenge. Dei fleste NS-veteranar er forlengst døde, og sjølv frontkjemparane har nådd skjels år og alder no.

Men den beiske ettersmaken etter rettsoppgjeret forsvann ikkje med dei. I dag er det barna og til dels barnebarna som engasjerer seg på vegner av NS-familiane. Det fortel mykje om kor brualt rettsoppgjeret mot NS råka. Heile familiar vart ramma då alle registrerte NS-medlemmer vart straffa med opphald i arbeidsleirar, tap av stemmeretten, tap av eigedommar og generell stigmatisering. Uskuldige barn av NS-foreldre – for ikkje å tala om dei såkalte tysker-ungane – stod forsvarsause for spitor og hån til langt opp i vaksen alder. Det fanst ikkje noko barnevernombud i 50-åra. Aviser og media våga ikkje ta opp den opplagte uretten som NS-familiane var utsette for.

Mange fekk ein skeiv start på livet. Fleire tusen uskuldige vaks opp med ei sterk kjensle av å vera utstøytte frå samfunnet. NS-familiane heldt stort sett saman, var varsame med å meine noko som helst overfor andre, men utvikla rethaveriet og

samfunnsfiendtlige haldningar i slutta kretsar.

Dei ville for all del ikkje innrømme at dei hadd teke feil. Dei treivst best i lag med trusellar. Der «kjerringa mot strømmen»-mentaliteten er bakgrunnen for den suspekte avisa «Folk og land», dei halvhemmelege veteranklubbane og liknande institusjonar.

Somme meiner det er ei skam at norske gamle-nazistane får høve til å gje ut si eiga avis.

Det er eit synspunkt vi på ingen måte kan slutte oss til. Det er yringsfridom i Norge, og den må sjølv sagt også gjelde for nazistar og tidlegare NS-medlemmer og. Å nekte gamle-nazistane denne retten, ville vera eit svik mot dei ideane som i 1945 sigra over den totalitære hitlerismen.

Dessutan er «Folk og land» ei ufarleg avis i den forstand at ho stort sett er oppteken av å revidere den offisielle svart-kvitt-versjonen av norsk okkupasjonshistorie. Ho agiterer ikkje for nazistiske haldningar, men argumenterer iherdig for at det faktisk var ein god del fornuft og idealistiske haldningar innan NS.

Det må alle tåle å høyre.